

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 20.10.2023
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseth og Asle Kjørlaug**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per september 2023**

Arkivsak

2023/944

Styresak 062/2023

Styremøte 26.10.2023

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per september 2023 til vitende.

Administrerande direktør si vurdering


Resultatet for september syner eit negativt resultat på -3,1 millionar kroner, noko som er 4,7 millionar bak budsjett. Overordna bilete er meirforbruk knytt til varekostnader og lønn som hovudforklaringar.

Aktiviteten i somatikken i perioden var lågare enn budsjettert, men etterkoding i samband med tertialstenging bidrog til at samla ISF-inntekter var i balanse. Avvik i aktivitet mot budsjett i september var særskild stor knytt til døgn og dagbehandling, men også noko lågare poliklinisk aktivitet enn planlagt. Administrerande direktør ser ein trend med overgang frå døgn til dag og dag til poliklinikk. Hittil i år ser ein at det er høgare poliklinisk aktivitet enn budsjettert, dagbehandling og dagkirurgi er om lag i balanse mot budsjett, medan tal sjukehusopphold er betydeleg lågare enn budsjettert.

Aktiviteten innan psykisk helsevern for vaksne var god i september, medan den innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og psykisk helsevern for barn og unge fortsett er lågare enn plan.

Pasientflyt

September 2023



Innan fag er det ei generell betring av indikatorane for tilgjengeleghet denne månaden. For somatikk registrerer administrerande direktør den ønska profilen med reduksjon i ventetid for ventande (frå 93 til 85 dagar) og auke i ventetid for behandla (79 til 89 dagar). Dette tyder at det er fleire pasientar med lang ventetid som har starta behandling. Likevel er reduksjon i ventetid for ventande høgare enn for eitt år sidan (85 mot 74 dagar), og det er framleis behov for ekstratiltak dersom ventetida skal bli redusert til langtidsmålet. Antal fristbrot fortset å auke (391 nye fristbrot), noko som også krev vedvarande fokus. I styremøte vil administrerande direktør orientere om konkrete tiltak som blir sett i verk for å redusere ventetida.

For psykisk helsevern for barn og unge ser vi den same ønska profilen knytt til tilgjengeleghetsindikatorane, men innan dette området er ventetid for ventande redusert tilbake til same nivå som i vår – denne utviklinga er administrerande direktør fornøyd med, og tyder at pasientane som venta lenge i sommar har fått tilbod om helsehjelp. Innan psykisk helsevern for vaksne og TSB tyder indikatorane på stabilt god tilgjengeleghet.


Samla sjukefråvær i august vart 6,3 prosent. Så langt i 2023 har fråværet hatt ei postiv utvikling.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:


- Somatikk: 85 dagar ved utgangen av september (93 i august). 74 i september i fjar. Altså + 11 frå i fjar.
- PHV: 18 dagar ved utgangen av september (29 i august). 26 i september i fjar. Altså - 8 frå i fjar.
- PBU: 34 dagar ved utgangen av september (60 i august). 29 i september i fjar. Altså + 5 frå i fjar.
- TSB (rus): 9 dagar ved utgangen av september (15 i august). 14 i september i fjar. Altså - 4 frå i fjar.



Ventetid - Helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i september var:

- Somatikk: 80 hittil i år (89 dagar i september) – måltal er 50. 75 hittil i fjar. Altså + 5 frå i fjar.
- PHV: 33 hittil i år (36 dagar i september) – måltal er 40. 35 hittil i fjar. Altså - 2 frå i fjar.
- PBU: 56 hittil i år (76 dagar i september) – måltal er 35. 52 hittil i fjar. Altså + 4 frå i fjar.
- TSB (rus): 23 hittil i år (23 dagar i september) – måltal er 30. 25 hittil i fjar. Altså - 2 frå i fjar.



Fristbrot – måltall 0

- Førebels registrert 230 fristbrot på behandla pasientar i september svarande til 12,4 prosent av behandla i september (12,6 % i august). Gjennomsnitt for Helse Vest er 10,0 prosent.
- Førebels registrert 392 nye fristbot i september, svarande til 14,2 prosent av alle med frist i september (13,1 prosent i august).




Direkte timetildeling – måltall 100 prosent (ingen tentative timer)

- Førebels 78 prosent for første time (71 prosent i august). Gjennomsnitt for Helse Vest er 83 prosent.
- Førebels fikk 63 prosent oppfølgingstime innen 24 timer (61 prosent i august). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 63 prosent.

	Foreløpige tall			
	2019	2022	2023 hittil	sep.23
HELSE BERGEN HF	80 %	76 %	79 %	84 %
HELSE FONNA HF	74 %	72 %	74 %	82 %
HELSE STAVANGER HF	84 %	81 %	77 %	85 %
HELSE FØRDE HF	75 %	60 %	66 %	78 %
KIRURGISK KLINIKK	71 %	56 %	58 %	67 %
MEDISINSK KLINIKK	76 %	63 %	73 %	91 %
PSYKISK HELSEVERN	88 %	82 %	79 %	81 %

Del ikkje møtt

Høgare enn normalt med 2,9 prosent (3,0 prosent i august). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,6 prosent.



Epkrisetider (august-tal)

Innan 1 dag (mål 70 %)

- Somatikk 78 prosent denne månaden og hittil i år 76 prosent (74 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 61 prosent denne månaden og hittil i år 47 prosent (34 prosent i heile 2022).
- TSB/Rus 77 prosent denne månaden og hittil i år 68 prosent (65 prosent i heile 2022).

Innan 7 dagar (mål 100 %):


- Somatikk 93 prosent denne månaden og hittil i år 91 prosent (91 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 96 prosent denne månaden og hittil i år 89 prosent (85 prosent i heile 2022).
- TSB/Rus 100 prosent denne månaden og hittil i år 94 prosent (90 prosent i heile 2022).

Korridorpasientar

30 korridorpasientar, svarande til 0,5 prosent av innlagte (0,2 prosent førre månad). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,8 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

10 døgn i september, svarande til 0,2 prosent av alle liggedøgn (0,2 prosent i heile 2022). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,7 prosent.



Stryking av planlagde operasjonar

Det blir jobba med ein felles definisjon av strykingar i Helse Vest. Kjem snart.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 722	1 824	-102	1 682	40	15 547	15 734	-187	15 039	508
DRG-poeng poliklinikk, A	456	487	-31	470	-14	4 013	3 977	36	3 861	152
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	69	138	-69	102	-33	1 608	1 779	-171	1 648	-40
DRG-poeng tilhøyrande andre regionar, (B)	54	65	-11	64	-10	548	574	-26	593	-45
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 301	2 514	-214	2 318	-18	21 716	22 065	-348	21 141	576
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	155	149	6	63	92	1 123	1 231	-108	1 081	42
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 402	2 599	-197	2 317	84	22 291	22 722	-431	21 629	662
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 298	1 341	-43	1 304	-6	11 090	11 111	-21	10 975	115
Tal sjukehusopphold	1 430	1 555	-125	1 470	-40	12 787	13 625	-838	12 941	-154
Tal polikliniske konsultasjonar	10 667	11 123	-456	10 829	-162	92 236	91 393	843	88 978	3 258
DRG indeks	Faktisk					Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	
Dag/døgn	0,631	0,630	0,001	0,606	0,025	0,651	0,636	0,015	0,629	0,022
Poliklinkk	0,043	0,044	-0,001	0,043	-0,001	0,044	0,044	-0,000	0,043	0,000


Perioden

Samla DRG-produksjon i somatikken var 8,5 prosent lågare enn budsjett (-214 poeng) i perioden, noko som var 0,8 prosent lågare enn i fjor (-18 poeng). Aktiviteten i perioden er 4,5 prosent lågare enn budsjett målt i samla tal behandlingar, og 1,3 prosent lågare enn tilsvarende periode i fjor.

Til no i år

DRG-produksjonen hittil i år er 348 lågare enn budsjettet, noko som utgjer eit avvik mot budsjett på -1,6 prosent. Aktiviteten er like fullt høgare enn tilsvarende periode i fjor, med eit positivt avvik på 2,7 prosent (+576 poeng). Målt i tal behandla eller undersøkte pasientar er aktiviteten om lag lik budsjett (- 16 tal behandlingar), og 2,9 prosent høgare enn tilsvarende periode i fjor (+ 3219 tal behandlingar).

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode						Til no i år			
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjar	Avvik frå i fjar	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjar	Avvik frå i fjar
Psykisk helsevern vaksne										
DRG poeng	515	399	116	409	106	3 616	3 480	136	3 359	257
Tal heildøgnssopphald	1 421	1 545	-124	1 510	-89	12 832	14 123	-1 291	13 364	-532
Tal utskrivne pasientar	79	88	-9	85	-6	681	785	-104	707	-26
Polikliniske kons. m/refusjon	2 149	2 094	55	2 358	-209	18 151	18 267	-116	18 584	-433
Rus										
DRG poeng	38	40	-2	41	-3	336	361	-25	336	0
Tal heildøgnssopphald	560	653	-93	519	41	5 520	5 703	-183	4 637	883
Tal utskrivne pasientar	15	21	-6	19	-4	197	199	-2	157	40
Polikliniske kons. m/refusjon	177	207	-30	213	-36	1 441	1 864	-423	1 857	-416
Psykisk helsevern barn og unge										
DRG poeng	518	541	-23	565	-47	3 904	4 458	-554	3 789	115
Tal heildøgnssopphald UPH	55	100	-45	83	-28	730	911	-181	909	-179
Tal utskrivne pasientar UPH	8	8	-0	16	-8	70	82	-12	95	-25
Polikliniske kons. m/refusjon	1 453	1 799	-346	2 025	-572	11 453	14 833	-3 380	13 618	-2 165

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore god i høve plan for perioden. Akkumulert har vi litt lågare aktivitet enn i fjar.

Innan TSB er aktiviteten lågare enn plan for perioden. Akkumulert har vi vesentleg høgare aktivitet innan døgnnophald enn i fjar.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore lågare enn plan og i fjar. Akkumulert ligg vi 16 prosent bak fjaråret på poliklinikk.

Beleggsprosent



ØKONOMI

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett
ISF inntekter	55 432	55 244	187	474 297	483 866	-9 568	647 294
Gjestepasient inntekter	2 770	2 962	-193	25 434	24 999	435	33 067
Poliklinikk og andre pasientinntekter	14 434	16 128	-1 695	123 695	127 000	-3 305	173 290
Pasientrelatert inntekt	72 635	74 335	-1 700	623 427	635 865	-12 438	853 651
Basistilskudd	223 976	224 263	-288	1 890 036	1 889 150	886	2 586 842
Andre inntekter	7 316	6 202	1 113	49 564	52 807	-3 243	71 632
Sum Driftsinntekter	303 927	304 801	-874	2 563 027	2 577 821	-14 795	3 512 125
Varekostnader og Helsetjenester	-45 344	-42 632	-2 711	-380 864	-369 135	-11 730	-508 667
Lønn- og personalkostnader	-208 900	-204 346	-4 554	-1 755 195	-1 715 820	-39 375	-2 334 824
Øvrige kostnader	-44 112	-46 149	2 037	-363 543	-387 886	24 343	-528 644
Av- og Nedskriving	-8 053	-8 423	370	-72 326	-75 740	3 414	-101 000
Sum Driftskostnad	-306 408	-301 550	-4 857	-2 571 928	-2 548 581	-23 347	-3 473 135
Driftsresultat	-2 481	3 250	-5 732	-8 901	29 241	-38 142	38 990
Sum Finans	-576	-1 584	1 008	-1 031	-14 241	13 209	-18 990
KAPP-konto	0		0	0		0	
Totalresultat	-3 056	1 667	-4 723	-9 932	15 000	-24 932	20 000

Perioden

Resultatet i september er -3,1 millionar kroner, noko som gjev eit avvik mot budsjett på -4,7 millionar kroner.

Aktiviteten i somatikken var i perioden lågare enn budsjettet, men etterkoding i samband med tertialstenging av DRG-koding gjer at samla ISF-inntekter er som budsjettet i perioden. Det er lågare inntekter knytt til poliklinikk og andre pasientinntekter enn budsjettet, noko som medfører at samla pasientrelaterte inntekter er lågare enn budsjett. Grunna høgare andre inntekter enn budsjettet, er samla biletet at sum inntekter er svakt under budsjett.

Det er i perioden er meirforbruk på varekostnader, der hovudårsaka er medikamentkostnader og andre medisinske forbruksvarer knytt til medisinsk heimebehandling. Noko mindreforbruk knytt til gjestepasientkostnader, medan det er noko meir kostnader knytt til pasienttransport enn budsjettet. Øvrige kostnader er lågare enn budsjettet, hovudsakleg grunna avsetjingar i budsjett og låge straumkostnader.

Løns- og personalkostnader er i perioden 4,6 millionar kroner høgare enn budsjettet. Meirforbruket knyter seg i all hovudsak til kirurgisk og medisinsk klinikks. Det var i september eit særskild stort meirforbruk knytt til innleige i Helse Førde, med utgifter på 3,3 millionar meir enn budsjettet. Kostnadane knytt til UTA var i tråd med budsjett i perioden, men eit stort meirforbruk knytt til overtid. Lønnsrefusjonane var i perioden 1,9 millionar høgare enn budsjettet, og bidrog til å redusere det samla avviket knytt til lønn- og personale.

Akkumulert

Resultatet hittil i år er på -9,9 millionar kroner, noko som gjev eit avvik mot budsjett på 24,9 millionar kroner.

Driftsinntektene er samla -14,8 millionar kroner bak budsjett, der negativt avvik knytt til ISF-inntekter utgjer -9,6 millionar kroner av dette. Det er eit negativt avvik knytt til poliklinikk og andre pasientinntekter på -3,3 millionar kroner, samt noko lågare andre inntekter enn budsjettet med -3,2 millionar kroner.

Samla løns- og personalkostnader er -39,4 millionar kroner høgare enn budsjettet hittil i år pr september. Hovuddrivarande til meirforbruket hittil i år er kostnader knytt til overtid med 21,5 millionar kroner meir enn budsjettet, vikarar 21,0 millionar kroner meir og innleige 15,2 millionar kroner høgare enn budsjettet. Lønnsrefusjonar samla er 15,3 millionar høgare enn budsjettet, og reduserer med det meirforbruket.

Hittil i år er det eit samla meirforbruk knytt til varekostnader, hovudsakleg knytt til medikament og medisinske forbruksvarer på samla 21,5 millionar kroner, medan det er eit mindreforbruk knytt til kjøp av


helsetenester/gjestepasientar. Øvrige kostnader er lågare enn budsjettet grunna avsetningar i budsjettet og lågare straumkostnader, medan pasienttransport er i balanse. Det er positive avvik knytt til rentekostnader og avskrivingar per september.

Likviditet

Ved utgangen av september hadde Helse Førde ein negativ saldo på konto med -292 millionar kroner. Skattetrekksmidlar vert haldne utanfor i den summeringa, og det var ved utgangen av månaden sett av 52 millionar kroner til skattetrekk.

Det vart i løpet av månaden innbetalt byggelån til driftskonto i henhold til plan, samt ekstra tildelte midlar som følgje av prisjustering av investeringslån, samla innbetaling til driftskonto på 88,25 millionar kroner i september.

Helse Førde har pr september ei disponibel trekramme på driftskreditten på 666,5 millionar kroner. Driftskredittramma skal hovudsakleg dekke pensjonsforpliktingar. Grunna store utgifter til investeringar gjennom 2023, hovudsakleg til Nye Førde Sjukehus, er det stort press på likviditeten og Helse Førde vil vere avhengig av kassekreditten framover for å ha disponibel likviditet.




MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær

Sjukefråværsprosent

År ● 2019 ● 2022 ● 2023



Samla sjukefråvær i august var 6,3 prosent. Det har vore ei positiv utvikling gjennom 2023, og fråværet i august var lågare enn førre måned. Langtidsfråværet gjekk betydeleg ned i august månad samanlikna med juli, medan korttidssjukefråværet auka svakt.

Sjukefråværsprosent kort og lang tid

● Kort tid prosent ● Lang tid prosent

